



## **Vedlegg:**

### **Samandrag av saka:**

Rådmann Asle Giske har vore sjukmeld med verknad frå 11. mars 2017. Sjukmeldinga gjeld førebels til og med 30. april. Det er prognose for at sjukmeldingsperioden vert forlenga.

Plan- og utviklingsjef Oddbjørn Indregård har så langt fungert som rådmann i Asle Giske sitt fråver. Dette etter samråd med rådmann Asle Giske og etter avtale med ordførar.

Det følgjer av HTA kapittel 1 § 13 at når stilling vert ståande ledig utover eit tidsrom på ein månad skal det som hovudregel konstituerast nokon i stillinga. Ordførar har førespurt Oddbjørn Indregård om konstituering og han aksepterer å stå i rådmannsstillinga så lenge Asle Giske er sjukmeld. På slikt grunnlag vil eg tilrå for formannskap og kommunestyre at Oddbjørn Indregård vert konstituert i stillinga som rådmann i Asle Giske sitt sjukdomsfråver.

Larsnes, 19.04.2017

Asle J. Giske  
rådmann

Dag Vaagen  
ordførar